



Klar for spennande utfordringar! Karsten A. Haugland nr. 2 frå høgre og Ole J. Olsen t.v. for han.

**Uskedalen er eit populært mål for klatrarar. Denne veka er det kurs for nybyrjarar, og 9 nye klatrarar får innføring i denne fasinerande og spennande sporten. Oppmøte var kl.12 i dag på Sanden, og så held dei det gåande heile veka. Laurdag kveld er det leirbål, grilling og kursevaluering før pakking og heimreise søndag.**

Det er eit omfattande og krevjande program dei 9 deltakarane skal gjennom og det skal gje deltakarane grunnlag for å klatra i naturleg sikra ruter i fjell. Mellom deltakarane er det også ein uskedeling, 16 år gamle Karsten André Haugland. Som dei andre deltakarane er han spent ved oppstart, men samstundes har han store forventningar til det veka vil bringa. Resten av deltakarane kjem frå store deler av landet. Vi finn i alle fall både Re i Vestfold, Nittedal, Lillehammer, Oslo og Fredrikstad på adresselista i tillegg til Bergen.

Etter at underteikna har gjort kjent at vi er stolt av å ha ein natur som trekkjer folk frå heile landet til Uskedalen, supplerer instruktør Stig Anton Hordvik på følgjande måte:

- Klatrarane her kjem ikkje berre frå heile landet. Det er ofte utlendingar i Uskedalen og klatrar!

Saman med Hordvik er det to andre instruktørar og ein instruktøraspirant som er under utdanning for å verta klatreinstruktør. Den eine instruktøren er kvinnhering, Ole Jakob Olsen frå Seimsfoss som studerer i Trondheim, og også er ein velkjend breførar.

Arrangørar er DNT(Den Norske Turistforening) fjellsport Bergen, Bergen og Hordaland Turlag, DNT fjellsport og DNT ung Bergen.

Etter at deltakarane hadde samlast på Sanden, gjekk turen til Eikedalen der dei skal ha leir og opplæring første del av veka. I slutten av veka vert leiren flytta til Fjellandsbø, og då vert det klatring i rutene på Vetletindpillaren.

Karsten og resten av gjengen får nok ei flott ferieveke. De kan lesa meir om innhald og program på [heimesida til DNT](#).

Vi kjem tilbake med meir stoff frå kurset seinare i veka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland